

MØTEPROTOKOLL

Utval: Vik kyrkjelege fellestråd

Møtestad: Vik kommunehus

Møtedato: 7.9.22

Start kl 13.30 – 16.00

Til stades på møte: Leif Eikeland, Laila Sunde, Karen Melhus, Kari Haga, Roy Egil Stadheimog Marianne Bøthun (vara)

Fråvær: Rolf Arne Olsen, Endre Nese

Frå adm: Marit Andersen

Sak 17/22 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Ingen merknar

Sak 18/22 Godkjenning av referat frå møtet 18.5.22

Vedtak: Ingen merknad

Sak 19/22 Orienteringssaker

Orientering om plan framlegg til plan for vedlikehald av kyrkjene ved Thomas Beck. Det vart gjort greie for korleis planen er bygd opp. Det er skissert behov for utbetring både på kort og lang sikt. Det er også vurdert kva som kan gjerast på dugnads og kva som er av større arbeid. Mange av tiltaka i planen treng grundigare utgreiing og planleggingsmidlar må difor prioriterast på dei store tiltaka. Planen vert sendt ut som vedlegg til referatet. Det er viktig at sokneråda også får sjå dette og gjere seg opp ei meining om kva dei i tilfelle kan bidra med som dugnads.

- Ferieavvikling; gjekk greitt med rullering i staben
- Open kyrkje i Vik, erfaring; fellestrådet var nøgd med tilbod om open kyrkje i Vik
- Bos på parkeringsplass ved Arnafjord kyrkje; melding er sendt Simas
- Testamentarisk gåve Arnafjord kyrkje; rest på kr 10 000 er utbetalt til Arnafjord kyrkje
- Møte med alle soknerådsleiarar i haust; mogeleg opna for møte med fellestråde og sokneråd
- Invitasjon til samling med bispekontoret for leiarar i fellestråd, eventuell soknerådsleiarar. Ny påminning om invitasjon sendt 26.9.22
- Søknad til Bjørgvin/ Riksantikvaren – Feios kyrkje vert handsama 20.9.22
- Arbeidet med å registrere graver , oppdatering av opplysningar om gravene og tilbod om festeavgift

Sak 20/22 Reglar for betaling ved utlån av kyrkjene

Vedtak: Reglar for og betaling av utlån av kyrkjene vert vedtekne slik dei ligg føre.

Samrøysta

Tilråding frå administrasjonen

Reglar for og betaling av utlån av kyrkjene vert vedtekne slik dei ligg føre.

Saksopplysningar

Bjørgvin bispedømme har vedteke reglar for utlån av kyrkjebygga i bispedømme (sjå vedlegg). Desse ligg som grunnlag for dei reglar som kan gjelde for kyrkjene i Vik. Grunnprisen gjeld slik det står frå bispedømmet, men så kan ein legge til å få dekke kostnad ved bemanning i dei ulike arrangementa. I framlegget som ligg ved saka, så vil ikkje desse inntektene dekke kostnadene fullt ut. Dette er ei vurdering ein må gjere, det er ynskjeleg at kyrkjene skal verta nytta til konsertar. Det er også fint at personar ynskjer å både vie seg og ha gravferd i vår kommune sjølv om dei ikkje er busett her.

Det er undersøkt kva prisar som gjeld i dei andre kommunane i soknet. Det varierer noko, men med dette framlegget ligg me innanfor «normalområdet»

Sak 21/22 Rekneskapsrapport pr 31.8. og budsjettprosess for 2023

Vedtak: Rekneskap pr 31.8.22 vert teke til orientering. Budsjett for 2023 og økonomiplan skal leggest fram for fellesrådet for Vik kommune har slutført si handsaming av budsjettet.

Samrøysta

Tilråding frå administrasjonen

Rekneskap pr 31.8.22 vert teke til orientering. Budsjett for 2023 og økonomiplan skal leggest fram for fellesrådet for Vik kommune har slutført si handsaming av budsjettet.

Saksopplysningar

Status og forventa avvik i høve budsjett pr 31.8.22

	Regnskap	
	Mindreforbruk	Meirforbruk
KYRKJELEG ADMINISTRASJON	110 000	
Trusopplæring	0	
Vik Kyrkje		80 000
Arnafjord kyrkje		
Vangsnes kyrkje		10
Feios kyrkje		
Fresvik kyrkje		
Kyrkjegardar		
Sum	110 000	90 000

Ikkje uventa vil rekneskapen i år syne eit overforbruk i høve utgifter til straum. Dette slår naturleg nok sterkast ut i Vik kyrkje då det er her det er høgast aktivitet både i form av gudstenester, gravferder, konsertar, konfirmantarbeid m.m. Administrasjonen har stort fokus på å redusere utgiftene og har senkar temperasturen. I dei andre kyrkjene er forbruket mykje likt, men budsjettet er lågare mellom anna i Vangsnes. Det har i år vore lite utgifter til vedlikehaldstiltak. Dersom dette held fram, vil ein få mindreutgifter på kyrkjebygga. Dette vil gjere sluttresultatet betre.

I år vil me få auka inntekter i form av festeavgifter og sal av tenester. Inntekter grunna festeavgifter skal setjast av på fond til bruk på kyrkjegardane våre.

I tråd med reglement for kyrkjeleg fellesråd skal budsjett for komande år vere vedteke innan 31.12. året før. Det skal også lagast ein økonomiplan for dei komande fire år som rullerer årleg. Det er viktig at fellesrådet sitt budsjett er handsama og vedteke før Vik kommune handsamar sitt budsjett. Dette for å kunne kome med reelle innspel i tråd med vårt behov for forsvarleg drift. Framdriftsplanen til Vik kommunen si handsaming av budsjettet er ikkje vedteken enno. Fellesrådet må førebu seg på fleire møter i løpet av hausten på denne saka.

Sak 22/22 Universell utforming Vik kyrkje, brev frå Vik sokneråd.

Vedtak: Skisse for universell utforming ved Vik kyrkje vert arbeidd vidare med og lagt fram til vedtak i samband med budsjett og økonomiplan i seinare møte i haust.

Samrøysta

Tilråding frå administrasjonen

Skisse for universell utforming ved Vik kyrkje vert arbeidd vidare med og lagt fram til vedtak i samband med budsjett og økonomiplan i seinare møte i haust.

Saksopplysningar

Denne saka har vore arbeidd med i fleire år. Det har vore ei arbeidsgruppe som har utarbeida eit framlegg til inngang ved Vik kyrkje som er tilrettelagt for alle som ynskjer besøka kyrkja. Det nye framlegget er at det vert laga ein skrå veg som startar ca 2 meter frå porten og fører opp til eit reipot framfor hovuddøra. På denne måten vert det ein ni inngang for alle, ikkje noko særskilt for rørslehemma. Dagens rullestolrampe ved dør på sørsida av kyrkja er for trong og tener ikkje dei som treng tilrettelegging. Vik kyrkjeleg fellesråd og Vik kommune er plikta å syte for like god tilkomst til alle besøkande.

Vik sokneråd har handsama saka og meldt følgjande:

Vik Sokneråd hadde oppe saka om Universell tilkomst ved Vik Kyrkje i møtet 15.06.22.

Det kom i møtet fram fylgjande:

Budsjettprosessane i Vik kommune nærmar seg med stormsteg, og Vik sokneråd vil på det sterkaste be om at Fellesrådet fremjar saka om universell tilkomst til Vik kyrkje inn i dette arbeidet. Det er viktig at det kjem med i budsjettet for 2023, for denne saka har vore diskutert i lang tid, og det er på tide å få arbeidet gjennomført snøggast råd. Me trur det er svært viktig at dette vert løfta inn i det politiske miljøet – me trur det vil vera stor vilje til å ha dette med i investeringsbudsjettet til kommunen.

Me ynskjer også at soknerådet og aksjonsnemnda vert heldne orienterte om saka – og at me vert tekne med i arbeidet vidare. Det er viktig med vårt eigarskap til prosjektet.

Reidunn Bolstad, soknerådsleiar Vik

Skisse over framlegget vert lagt fram på møtet.

Sak 23/22 Ledige stillingar, organisering og utlysing

Vedtak: Det vert lyst ut etter 50 % kontor og 60 % stilling som kyrkjelydspedagog/kyrkjelydssekretær frå snarast.

Samrøysta

Tilråding frå administrasjonen

Det vert lyst ut etter 50 % kontor og 80 % stilling som kyrkjelydspedagog/kyrkjelydssekretær frå snarast.

Saksopplysningar

Dora David har sagt opp si 50 % stilling som kontor i Vik kyrkjeleg fellesråd frå 1.10.22

Kirsti Jelle Hopperstad planlegg å gå over som pensjonist frå 31.1.23.

Begge desse tilsette er gode medarbeidarar som let etter seg eit stort tomrom når dei sluttar. Behovet for kontor/kyrkjemusikkar er om lag 70 % for å dekke den aktivitet me tilbyr i dag; gudstenester i kyrkjene og ved fengselet, andakt ved VBS, gravferder, vigslar, møter og førebuingstid. Då det er mykje ubekvem arbeidstid, er det uråd for ein person å dekke dette behovet. Stillinga vert difor lyst ut som 50 % og så satsar ein på innleige av vikarar i det resterande behovet for kyrkjemusikkar.

Kyrkjelydssekretærstillinga var 100 % stilling. Seinare åra har Kirsti hatt 60 % og så har det vore nytta om lag 20 % til innleige (noko mindre i koronatida). Me ynskjer difor no å lyse denne stillinga ut som 80 %. Oppgåver vert som i dag; kyrkjelydsarbeid innan både barn og vaksne og sekretær arbeid i dagleg drift: Legge til rette for avvikling av gudstenester, rapportering, og anna sekretærarbeid.

I budsjett for 2021 vart kyrkjevejestillinga redusert frå 100 % til 50 %. Dette skaper lite kontinuitet for kyrkjeveerja. Det er i allefall heilt avgjerande at det er tilleggsressursar på kontoret til administrativt arbeid. Om ikkje, kan me berre ha ope to dagar i veka og vårt arbeid vil verta sterkt redusert.

Sak 24/22 Bøk ved Hopperstad

Vedtak: saka vert satt opp til ny handsaming på neste møte i fellesrådet.

Tilråding frå administrasjonen

Saksopplysningar

Saka vert lagt fram på møtet

Sak 25/22 Ymse : Neste møte ikkje avtala

26.9.22

Marit J Andersen

kyrkjeverje